
Fra: Håvard Tangen [mailto:haav.tangen@gmail.com]

Sendt: 1. september 2014 21:52

Til: Tvitekkja Sigfrid

Emne: Svar på høyring om ny lov om stadnamn

Hei, Sigfrid.

Her kjem ei stutt høyringsfråsegn frå Fylkesmållaget Vikværingen:

Svar på høyringsnotat frå Fylkesmållaget Vikværingen

Vikværingen viser til svaret me sende på den førre høyringsrunden i 2012. Me held fast på dei synsmåtane som me bar fram der.

Det er uklokt å lata skrivemåten av bruksnamn vera opp til kvar einskild eigar eller festar. Å skilja mellom bruks- og gardsnamn er kunstig. Det er eit offentleg ansvar som ligg hjå Statens kartverk å fastsetja rett skrivemåte av slike geografiske namn. Me kan ikkje risikera endringar frå eigar til eigar, frå generasjon til generasjon. Skrivemåten bør mest mogeleg liggja fast og fylgja den uttala som har vore gjeldande på staden og i samsvar med vanleg rettskriving. Det gjer det òg lettare for alle å finna fram. Av historiske grunnar ser ættenamna annleis ut enn bruks- og gardsnamna. Korleis eit slektsnamn vert stava, er ei privatsak. Noko anna er bruks- og gardsnamn, som heng nøye saman, og som skal stå på kart. Å visa til ein skrivemåte som ein gong i tida var i offentleg bruk, er ikkje tilstrekkeleg. Nokre namn har hatt uendeleg mange skrivemåtar. Det var presten eller ein annan embetsmann som skreiv, og i dansketida var skriftmålet i Noreg dansk, iblanda nokre norske ord stundom. Det private etternamnet til ein eigar må ikkje kunna overførast til gardsnamnet.

Me vil samstundes streka under kor viktig det er å slå ring om og styrkja den namnefaglege kompetansen i Noreg. Å byggja ned desse miljøa er til stor ulempe for kunnskapen om namn og opphavet til dei her til lands.

På vegner av styret i Vikværingen, Håvard Tangen